

Oversiktsbilete frå utstillingsplassen i Hillevåg ved Stavanger. Her er eit situasjonsbilde frå 1961 etter premieutdelinga ved 100 års jubileet for fesjå i Rogaland.

Vi ser nærast **Drusa 5283** til Karl T. Bore som stod i spiss av dei eldre kyrne av S og V fe med 36,5 poeng og 1. premie. Drusa hadde 3 års middel på 5880 kg med 4,74% fett og 279 kg mjølkefeitt. Kua er 14 1/2 år på dette bilete..

Foto: Per Vabø. Bondevennen.

UTVIKLINGA AV SØR- OG VESTLANDSFEET

SERINIUS TRODAHL

Moderne jordbruksdrift handlar like mykje om utvikling av nye husdyrrasar som utvikling av ny teknologi innan reiskap og maskinar. Dette høyrer til vår næraste historie.

Me er difor glade for at tidlegare husdyrgronom i Rogaland, og seinare statskonsulent i husdyrbruk, Serinius Trodahl, ville skriva om denne viktige delen av historia vår.

Sidan dette er ein artikkel som skal inn i årboka for Jærmuseet, finn eg det rettast å konsentrera meg mest om utviklinga av Sør- og Vestlands-feet i Rogaland og berre kort nemna utviklinga i dei andre fylka som kom inn under dette avlsområdet.

Tiltak for å auka matproduksjonen.

I slutten av 1700 åra vart det uår her i landet i fleire bolkar, og folket leid naud. Det var særleg korn det skorta på og mange er dei historiene som vert fortalde frå den tida. For å fremja den heimlege matproduksjonen og dempa nauda vart det skipa fleire såkalla "Landhusholdnings-selskap" i dei fleste fylka. Det var særleg tiltak for å hjelpa opp landbruket dei tok seg av.

I Rogaland vart Stavanger Amts Landhusholdningsselskap skipa i 1776. Det kongelige Selskap for Norges Vel som vart skipa i 1809 kom til å fungera som eit landslag for desse landhusholdningsselskapa.

Det var åkerdyrking og betre stell av jorda som i første rekke stod på programmet. Dette var forsåvidt

naturlig nok sidan det var særleg korn det skorta mest på her i landet.

Husdyrhaldet vart det ikke lagt så stor vinn på i førstninga.

Likevel har det til alle tider vore slik at folk som er avhengige av å halda husdyr stadig har prøvd å skaffa seg gode dyr ved foredling etter eit eller anna system.

Opplysningar om fehaldet i eldre tider.

Kva slag opplysningar har me då om feet i gamle dagar, og korleis stod det til med fehaldet i fylket vårt? Opplysningane er nokså vekslande. Amtmann Bendix Christian de Fine skriv i 1745 i "Stavanger Amptes udførlige Beskrivelse" at bøndene heldt "Kiørne for at have Melk til Deres eget Opphold, da mange Bønder, særdeeles høyt til Fields, hvor ende-el Aaringer lidet Korn voxer, deraf mestendeel lever, og Smøret den største deel afhender de, samt og aarl. selger Studer, Kiør, Qviger baade til de Kiøbende fra Kongsberg og andre Stæder, hvorhen de om Sommeren bliver levende bortførte; Saa sæl-

ger de og endeel Slagter Fæe til Byens Fornødenhed. Bønderne ved Søkanten, som ejer til Deres Gaarde gode Øer og Holmer, har derpaa gaaende baade Vinter og Sommer eendeel Creaturer, som de til Slagter Fæe selger i Stavanger om Høsten, og ere de samme Øebester de største, beste og Fædeste Slagter-Fæe, som i Amtet falder".

Løytnant Flor som reiste over Jæren i 1810 skreiv at "Koen er af Landets gamle Qvæg-Race; skal forhen have været større, men har formodentlig ved slet Føde og Pleie aftaget i Størrelse". Som vi kan sjå av dette gir han her uttrykk for det synet som rådde på den tida, nemleg at erhverva eigenskapar festna seg og etterkvart vart arvelege.

Om stellet skreiv sokneprest Steenbuch i Håland i 1810 at "Kreaturene maa hele vinteren når Veiret er taaleligt, søge sin Føde ude om dagen". Det er lett å skjønna at under slike tilhøve blei det ikkje stor avdrått å få.

Arbeidet med å avla fram betre husdyr har alltid vore prega av den kjennskap ein til ei kvar tid hadde om korleis eigenskapar vart nedarva. Difor har synet på kva måtar ein skulle nytta for å avla fram ein betre husdyrstamme veksla, og det har gjennom tidene vore framsett fleire teoriar om dette. I fyrste halvdel av 1800-talet vart den såkalla "konstansteorien" sett fram i Tyskland. Denne gjekk ut på at når ein rase var reinavla i tilstrekkeleg lang tid, ville typen festna seg og halda seg konstant. Dermed skulle den gi ei sikker nedarving av dei eigenskapane ein la brett på. Difor vart det til at mange av dei større godseigarane og proprietæranane kring byane freista med innførsle av fe frå utlandet. Med dette meinte dei å innføra ein "Forbedret Race", som det heitte.

Her heime var interessa for feavl og då serleg avl av storfe heller liten fram til midten av 1800 talet.

I det området som Sør- og Vestlandsfeet kom til å femna om, var feholdet som ellers i landet tufta på utnytting av beita i fjell og utmark. Det var difor basert på vårkalving med overvintring av så mange dyr som ein meinte å ha fôr til vinteren igjenom.

Eigentlege tiltak for å få eit betre feslag kom meir tilfeldig. Det vanlege var at ein la opp avlsdyr under dei dyra ein meinte var bra, og oksar brukte ein dels frå eigen buskap, eller ein kjøpte eller bytte til seg okse frå gardar som hadde ord på seg for å ha eit godt feslag.

I 1810 skreiv proprietær C. M. Zetlitz ei utførleg utgreiing om "Hornqvægets Udlægning, Fodringsmaade og Benyttelse overenstemmende med denne Egnens Locale, for det meste grundede på egne Erfaringer". Zetlitz dreiv m.a. gard på Kristianslyst utanfor Stavanger og var formann i Rogaland Landhusholdningsselskap i ein periode.

Hans tilrådingar gjekk mellom anna ut på:

1) Ikke tillægge Tyre af egen Avl, men tilbytte sig dem fra noget bortliggende Egn. Erfarenhed har lært, at Qvæget paa enbølte Gaarde, som blot bruge sine af eget Qvæg tillagte Tyre, inden ganske kort Tid saa meget forringes, at det næsten bliver udeligt, da det derimod ved jevnlig Ombytning af Tyre forædles.

2) Valget ved Tillægningen saavl af Qvægets bygning som Stamme . - Bygningen bør være lavbenet, bredbrystet, langhalet og bredmulet. Mulen mørk og Kløverne mørke og vel splittede. Farven eller Lødden mørk. Af al Lød er den sort- og rødbrandede den beste, dernest den mørke graae, mørke røde, røde og hvide, sorte og hvide og endelig den sorte; lyse Farve duer ikke, og den hvide er af alle den slet-



Kyr på beite på Jæren i 1912.

*Foto: A.B. Wilse. * Norsk Folkemuseum.*

teste: De ere i almindelighed svage, tyndslaaede, taale ikke Klimatets stregthed og ere ofte udsatte for sygdomme....

Kan man ved Tillægningen gjøre Valg af kullede, eller som ikke have Horn, ere de at foretrække.

Import av framande rasar.

Likevel vart det ikkje gjort nemnande tiltak innan husdyravlen på ei tid. Dei større jordeigarane kring byane innførde nok ein del dyr frå utlandet, men ellers høyrer me ikkje om meir vidtfermende tiltak.

Til Rogaland er det nemnt at det vart innført dyr både frå Danmark, Holland, England og Skotland. I trua på den førnemnde konstansteorien rekna dei med at det dermed vart ført inn ein ferdig rase som ville gi eit feslag med ei sikker nedarvingsevne. Ein tenkte lite på at eit meir ytedyktig fe også kravde betre stell for å kunna svara til forventningane.

Først frå 1850-talet og framover høyrer me om meir omfattande tiltak. Det var serleg dei ymse landhusholdningsselskapa som gjekk i brodden for å betra forholda innan feavlen.

Frå Lye Sogneselskap vart det i 1840 sendt oppmodning til Rogaland Landhusholdningsselskap om at det skulle kjøpast inn ein del oksekalvar av "god udenlandsk Race til Fordeling blandt Selskabets Medlemmer".

I januar i 1841 sende så landhusholdningsselskapet ut innbyding der det vart sagt at dei ville freista å få kjøpa inn 20 a 30 danske kyr som skulle seljast vidare i Amtet for at "en større og bedre Race av Kreaturer maatte blive almindelig".

Det teikna seg kjøparar for 138 speciedaler. Samstundes vart det sendt anmodning til amtsformannskapet om eit bidrag til tiltaket. Likeeins vart

det sendt søknad til Det kongelige Selskap for Norges Vel om eit tilskot på 100 Spd og 300 spd i rentefritt lån. Direksjonen i Selskapet for Norges Vel sende søknaden til fråsegn til "Veterinærklassen". Dette var den avdelinga innan selskapet som hadde med husdyrbruket å gjera. Fråsegna dei kom med kan gje eit bilete av situasjonen på den tida. Det kan vera av interesse å gjengi noko av den her, referert etter Eivind Hognestad i historia til Rogaland Landbrukselskap.

"Angaaende Indkjøb af dansk Qvæg, antager Classen at Valget maa foretages med Forsigtighed. Man antager saa almindeligen, at der er visse Racer, som ere fortrinligere end andre, og at naar man kun erholde Individder deraf, skal man have den fulde Fordel af dem; men man glemmer ligesaa almindeligen, at Racens Fordelaktighed kun kan bestaae i den vante Levemaade. Stavanger Amt er i det hele maver og tørt. En Qvæggrace, der altsaa er oppdraget og udviklet under en rigelig Fodring, maa under en svagere og magrere snart gaa til grunde. Troer altsaa Administrasjonen at der skulde udbredes noget Held af Indførsel af dansk Qvæg, da maatte dette vel rettest søges fra Jyllands Hedeegne".

Nå tok landhusholdningsselskapet kontakt med den norsk-svenske konsul i Ålborg om innkjøp av ei båtlast kyr i det nordlige Jylland for selskapets rekning. Frampå sumaren 1841 kom det svar frå konsulen med tilråding om at ein skulle få ein skipper til å kjøpa og føra opp kyrne for eiga rekning. Til vederlag skulle han få ein premie av selskapet på 50 spd. Konsulen ville peika ut ein kvalifisert mann som skulle kontrollera innkjøpet.

Forhandlingane drog ut og i mellomtida hadde dansken C. Haugaard utan vidare samla saman 2 ladningar med kyr, ført dei til Stavanger og selt dei

der. Han fekk likevel ikkje den oppsette premien avdi han ikkje hadde samrådd seg med konsulen og heller ikkje fylgt dei vilkåra som var oppsette.

Landhusholdningsselskapet hjalp likevel til med å spreia kalvar etter dei danske dyra, og etterkvart vart slike kalvar blanda opp med det heimlege feet. Kor stor innverknad dette hadde veit vi likevel ikkje noko sikkert om.

Frå dei større jordeigarane nær Stavanger som Kielland, Bull, Zetlitz og andre vart det nok også spreidd ein del kalvar av framandt slag. Etterkvart syntet det seg likevel her som så mange andre stader at det ikkje var så lett å byggja opp ein betre rase.

I 1850 åra vakna det på fleire hald her i landet interesse for det skotske ayrshirefeet. I 1854 heldt landhusholdningsselskapet eit stort møte på Sandnes. Emnet var "Kan det fra Selskapets Side foretages noget til Forbedring af vore Kvægracer?"

Ein av talarane var styraren av landbruksskolen på Austrått, Jan Adolph Budde. Han hevda at hovedkravet til feet måtte vera mjølk, sidan kjøt vart for dårleg betalt. Om det jydskt feet nemnde han at det var ført inn ei mengd. Likevel syntes resultatet å vera at dei rasane som til då var innført ikkje hadde svara til forventningane. Dels kom dette av "den daarlige Udmark og Traktement man her har at byde dem". Han meinte difor at dei lokale rasane var betre skikka for distriktet. Av desse såg ein at det ofte dukka opp kyr som gav god avdrått, men problemet var at sjølv om ein la på kalv etter ei god ku, så fann ein ofte at avkommet vart heller dårleg. (Dette har vore eit problem innan avlen av mjølkefe til alle tider. Idag veit vi at det kjem av at arvegraden for mjølk er heller låg, og at ein må driva utvalet av dyr etter andre metodar dersom ein skal få nokon framgang). Budde meinte at rasar med ei meir sikker

nedarvingsevne kunne ein finna i andre land, og heldt fram at dersom det fanst ein rase som kunne sameina "vore Kjørs Tarvelighed med den Egenskab at overdrage en Melkerigdom som vore bedste Kjørs i Arv på Afkommet, saa kunde vi ikke forlange mere". Ein slik rase meinte han at det måtte la seg gjera å laga, men det ville ta både tid, pengar, klokskap og uthaldande tolmod å arbeida fram ein slik rase.

Vidare heldt han fram at dersom ein rase "der i sit Afkom vedligeholdt sine gode Egenskaber fantes, ville det være den letteste og billigste Maade, paa hvilken man kunde forplante denne her i Egnen, at man gjentagende forskrev Tyrekalve til de denne mest lignende af vore bedste Kjør".

På den tida hadde ein teke til å sjå på den utviklinga som hadde gått føre seg i England. Her hadde Robert Bakewell og brørne Collings gått nye vegar i avlsarbeidet og avla fram nye og ytedyktige rasar av fleire husdyrslag. Dette vekte interesse i vide krinsar også her i landet.

Den mest skikka rasen til oppkryssing med det heimlege feet meinte ein då ville vera rasen frå det sørlege Ayrshire. Der skulle jordbrukstilhøva vera mykje dei same som på Jæren.

Frå då av og ei årrekkje framover var rasespørsmålet eit emne som stadig var framme både på landbruksmøter og i årsmøtene til landhusholdningsselskapet Slik vart det mykje tilfeldig og planlaust vaking i arbeidet med feavlen.

Fyrste offentlege tiltak.

Men etterkvart vart det forståing for at det trongst ei meir planfast styring dersom ein skulle koma nokon veg med å betra feslaga i landet vårt.

Departementet tilsette då i 1854 den svenske



*Kyr ved Bore i Klepp fotograferte av A. B. Wilse i 1912.
Foto: Norsk Folkemuseum.*

agronomen og veterinæren Johan Lindeqvist som statsagronom. Først fekk han distriktet frå Bratsberg til og med Stavanger Amt, seinare styrde han avlsarbeidet med storfe i heile landet.

Etter at han hadde gjort seg kjend med feslaga i landet var det bare feet i Telemark han fann å vera av ein så einsarta type at ein kunde byggja vidare på det. Difor rådde han til at ein samla seg om Telemarksfeet i dei indre bygdene, mens kyststroka burde halda seg til ayrshirefe.

Også på andre omkverve vart det nå til at ein vaka meir for å hjelpa opp husdyrhaldet.

Etter tilråding av reiseagronom C. H. Jensenius i Det kongelige Selskap for Norges Vel, vart det på landsbasis sett igang visse tiltak. Desse gjekk mellom anna ut på:

1. Opprettelse av stamhjorder av dyr som skulle stå for oppal av avlsdyr til sal vidare til bøndene i distriktet.
2. At det burde haldast "Dyrskuer i alle Landets Amter" saman med utdeling av premiar.
3. At ein burde setja i verk tiltak for ei betre foredling av mjølka m.v.

Desse tilrådingane fengde, og frå nå av høyrer ein om tilskipping av fesjå og oppretting av stamhjordar i dei fleste fylka.

Her i fylket vart det fyrste fesjået halde i 1861 på ekserserplassen på Skeiane ved Sandnes. I reglane for sjået heitte det mellom anna at det ved døminga av dyra ikkje bare skulde takast omsyn til om dei var gode mjølkarakar, men også om dei kunne reknast å vera skikka som avlsdyr for distriktet.

Vidare heitte det at mellom dei premieverdige dyra skulle dei av norsk rase ha fortrinnet.

Av stamhjordar vart det oppretta ein for Telemarksfe hos proprietær Garmann på Utstein Kloster i 1862. Frå starten av var den kryssa med ein del Ayrshire og korthorn. I 1864 vart det kjøpt inn ein rein Ayrshireokse frå landbrukshøgskulen på Ås, og i 1872 ein halvblods Ayrshireokse frå kapteinløytnant Kielland på Ledaal, der han dreiv med ayrshirefe. Men frå 1876 av vart buskapen på Utstein Kloster bytta ut med reint telemarksfe. Frå denne stamhjorden vart det spreidd mange avlsdyr kring i fylket.

På storgardane Nesheim, Hillevåg, Austrått og Ledaal heldt ein dels hollenderfe, dels korthorn og ayrshirefe.

Nye teoriar veks fram.

Etterkvart kom det også inn nye tankar frå naturforskninga.

I 1859 gav den engelske naturforskaren Charles Darwin ut si bok om artenes opprinnelse. Dermed kom det inn meir forståing for at rasar og typer ikkje måtte vurderast som eit ferdig produkt, men at dei var underkasta ei utvikling. Dermed fekk ein syn for at konstansteorien ikkje heldt det han lova.

Noko seinare i 1864 kom den danske professor


Victor Prosch med boka "Avlens almindelige love". Han hevda der at det rettaste var å bygge på dei lokale feslaga, sidan desse var tilpassa dei klimatiske tilhøva og det stell som var vanleg i dei einskilde bygdelaga. Liknande synsmåtar vart hevda også av andre naturforskarar. Dette gav opphav til den mykje omtala "stedegenhetsteorien" som kom til å halda seg lenge innan avlsarbeidet med husdyr.

Dette førte til at ein etterkvart endra syn på fleire ting innan arbeidet. Etterkvart kom det også inn rapportar frå fleire hald om at røynslene med dei innførte rasane ikkje svarta til dei forventningane ein hadde hatt.

På årsmøtet i Rogaland Landhusholdningsselskap i 1880 hadde ein som emne: "Hvilken Kvægttype kan f. T. ansees passende for Amtets Landboforhold?" Her heldt dyrlækjar A. Holte fram at Ryfylke burde halda seg til "fjordrasen" og Jæren til den såkalla "sogndalsrasen eller setesdalsrasen". Engelsk fe heldt han for heilt forkasteleg, og telemarksrasen såg ikkje ut til å trivast her. Den synte seg å verta sjukeleg.

I 1885 vart det halde eit nytt møte der statsagronom Stenersen var innleidar om emnet "Hvilke Husdyrracer egner seg best for Stavanger Amt?" Han kom der inn på at ein ofte gløymer at oppdrett og pleie er grunnlaget for eit godt avlsarbeid. Han meinte at ein hadde forkasta dei heimlege rasane og viste til fesjåa der "Krydsningsdyrene stod som forkomne Ætlinger af sine Stamracer", især gjaldt dette Korthornsracen. "Kommer denne Drivhusplante ud på Bygderne og faar vanlig tarvelig Stel, gaar det med disse som med Drivhusplanter naar de flyttes ud i fri Luft".

Også han meinte at Telemarksfeet ikkje passa i Rogaland på grunn av at fjellbeita her ikkje var gode



*Varja 2719 fødd 6. april 1943 hos Ola E. Ånestad, Varhaug, selt juni 1945 til Nils Nærland, Nærbø. 2. premie, 1. avdråttspremie Stavanger 1951. Far Varulv 2525. Mor Runa 2411.
Foto: Forfattaren.*

nok. Derimot hadde dei gode stamhjordar av det lokale feslaget i stamhjordane på Halsnøy Kloster og på Stend Landbruksskule i Hordaland. Sogn-dalsfeet meinte han var av same rasen, men noko meir robust.

Så i 1887 heldt landhusholdningsselskapet eit møte på Strand der denne konklusjonen vart vedte-ken:

1. Man bør holde sig til vor egen Kvægrace (Kystkvæg) der endnu har gode Betingelser for en heldig Udvikling.

2. Valget av avlsdyr må skje med Omhu og Kyndighed, og navnlig maa kun benyttes gode fuld-voksne Okser af samme race, men ikke af samme blod som koen.

3. Fodringen maa være fornuftig og tilstrækkelig saavel under Oppdrættet som senere.

Dermed vart det på ein måte sett punktum for ein debatt som hadde vore framme like frå 1810 av. Det vart då også etterkvart slutt på innføring av nye rasar frå utlandet.

Avl på heimleg fe.

Men dei mange innførsleane av fe frå andre kantar både av telemarksfe og utanlandske raser, hadde ført til at feet i Rogaland vart sterkt oppblanda. Frå århundreskiftet vart det også ført inn ein del jerseyfe som fekk sterk utbreiding i Gjestal og øvre Time. Dette vart også kryssa ein del med det feet ein hadde frå før. Berre i 2-3 bygder fann ein nokolunde ublan-da fe. Det var i Vats og Skjold i Ryfylke og i Sokndal i Dalane. Desse bygdene var sermerkte oppalsdistrikt som selde fe til andre bygder i fylket. Serleg var Sokndalsfeet rekna for å vera eit godt slag og det vart selt mange dyr derfrå til bygdene kring-om i fylket, og også ein del til Vest-Agder, serleg då til Kvinesdal.

Her vart det snart til at ein fekk både sal og kjøp over fylkesgrensa. Særleg vart det kjøpt inn mange dyr frå Lyngdal ettersom det utvikla seg ein stor femarknad der i samband med det tradisjonelle "dyr-skuet".

I 1860 vart det tilsett amtsagronom i Rogaland. Det var John Torkildsen som fekk denne stillinga. Mellom dei oppgåvene han vart pålagt kom også husdyrbruket.

Korleis ein den gong vurderte feet i Sokndal, går mellom anna fram av amtsagronomen si omtale av sjået som vart halde der den 17. september 1863. Han skriv der at prisdommarane "avgave samtlige den Erklæring at de fremstillede Dyr vare, med Hensyn til Mælketegn, de mest jevne, som endnu var fremstillede ved noget Dyrskue i Amtet. Denne

Udtalelse stemmer fuldt ud med den Erfaring som haves om Køer fra Sogndal. De ere nemlig overalt anerkjendte som gode og trivelige Dyr som kjøbes gjerne til alle Distrikter i Amtet".

Sjølvs om ein i slutten av førre århundre hadde funne fram til ei linje ein ville fylgje i avlsarbeidet, var det framleis fleire som tykte best om dei meir rundvaksne ayrshireblandingane med sine markerte fargeteikningar.

Men avlsleiarane, både staten sine og dei i fylket, arbeidde for å bygga avlen på det stadeigne feslaget. I dette hadde dei god støtte i det synet som rådde mellom forskarane på den tida. Vansken var å få fram dei gode dyra og nytte dei i avlen.

Ein annan vanske var at det skorta på gode avlsoksar kring i bygdene. For å bøta på dette løyvde amtsformannskapet i 1892 kr. 1.000 som skulle nytast som tilskot til innkjøp av stamoksar til landbrukslag eller fealslag.

Utvalssjå.

Frå 1900 av vart det såkalla Flachske system innført med utvalssjå kring om i bygdene. Og dermed fekk ein innarbeid eit system som førte til at ein fekk eit fastare grep på feavlen i fylket. Systemet gjekk ut på at ein heldt utvalssjå kringom i bygdene med 3 års mellomrom. På sjåa dela ein ut av kåringssetlar til dei kyrne som vart funne verdige. Desse setlane kunne ein så levera til oksehaldaren når kua vart bedekka av stamoksen i fealslaget. Laget fekk deretter innløyst setlane etter ein fast sats med midlar frå staten.

Frå fyrst av fekk både private oksehaldarar og feavslaga rett til innløyning av kåringssetlar, men berre fealslaga fekk statstilskot til innkjøp av oksar.

Gjennom dette systemet fekk ein god oversikt over kumaterialet slik at ein kunne rå fealslaga til å skaffa seg oksar frå bygder der det fanst eit godt feslag. Føringstilskot til avlsoksar vart gjeve både til ayrshireblandingar og det lokale feslaget, berre oksene var premierte eller godkjend.


I utvalet av avlsdyr var ein i utgangspunktet lite formalistisk. Dyra var heller små, dei fleste var kollete, men det fanst også ein del med horn. Fargen var av mange slag, men mest omtykt var raudt og raudbrandet.

Med desse nye tiltaka gjekk det raskt å få utbygd fealslag i så å seia heile fylket.

Frå 1901 av vart det halde statssjå i fylket og dermed kom den statlege avlsleiinga inn som ein sameinande faktor. Det vart meir einsarta plan i avlsarbeidet som kom til å omfatta fleire fylke. Det vart også innført fastare reglar for utvalet av avlsdyr.

På denne tida skjedde det også eit stort framsteg i naturforskninga i og med at ein fekk kjennskap til arvelovane. Dette sette avlsarbeidet i eit nytt lys. Sjølvs om det i fyrste rekkje var innan planteavlen ein gjorde seg mest nytte av denne kunnskapen, kom det etterkvart inn eit nytt syn også på utvalet av husdyra. I 1917 vart Chr. Wridt tilsett statskonsulent for arvelighetsspørsmål, ei stilling han hadde til han døydde i 1929. Wridt gjekk til angrep på formalismen som rådde innan einskilde krinsar og "stedegenhetsteorien" vart litt om senn avløyrt av eit syn som stod meir i samsvar med den nye lærdommen. Det gjekk ut på at ein måtte søkja etter dei gode eigenskapane der dei var å finna. Wridt var ofte i Rogaland og fekk ein viss innverknad på utviklinga her.

I band 2 av Stambok for Lyngdalsfe og Vestlandsk Raudkollfe skriv dåværande fylkesagronom, seinare statskonsulent L. H. Kvadsheim: "Det



*Janna 2993 fødd 30. januar 1944 hos O. A. Knutsen, Vibrandsøy, Torvastad. 2. premie, 1. avdråttspremie, Torvastad 1943. Avdrått 1956: 8019 kg mjølk 5.1% feitt 282,8 kg mjølkefeitt. Avdrått 1957: 7544 kg mjølk 5.0% feitt 379,0 kg mjølkefeitt. Far Raudfynn 2489. Mor Jyllaros født hos Andrea Åmodt, Hauge i Dalane. Morfar Kong Odd 959.
Foto: Forfattaren.*

gamle fe i Rogaland var et lite nogenlunde velbygget fe. Nogen stammer av det var hornet eller nøvlet, men størstedelen var kollet. Fargen var svart eller gulbrun, brandet og raud. Dessuten var det sidete og flekkede dyr. Gjennom avlen har man søkt å arbeide henimot raudt og kollet, men avlsledelsen har hele tiden hat klart for sig at man ikke hadde råd til å kaste vrak på et godt avlsdyr om det var hornet eller om det hadde en annen farge enn den ønskede. På det område har det ikke været nogen formalisme i Rogalands feavl".

Synet på dyr med nyvler, eller knuvler som det kalles andre stader i landet, var innan enkelte rasar sett på som at dyra igrunnen hadde anlegg for horn,

men at anlegget ikkje hadde full gjennomslagskraft. Slike dyr vart difor vraka av domarane i desse områda.

På fesjåa dukka det stadig opp dyr, serleg oksar med nyvler, men her i området vart det ikkje lagt nokon brett på dette. Nyare forskning har synt at ein var i sin gode rett på dette punktet. Det er nå fastlagt at nyvler er eit anlegg som vert nedarva uavhengig av anlegget for horn, og at det på grunn av sin eigenskap naturleg nok bare kan koma til uttrykk hos kollete dyr.

Synspunkta til statskonsulent Wridt vart sett på som sers radikale og han kom i sterk diskusjon både med oppdrettarar og forskarar som svor til den gam-

le læra. Dei er likevel i seinare tid fylgde opp av professorane Samson Berge og serleg av Harald Skjervold på Noregs Landbrukshøgskule.

Ein hadde heile tida rekna feet i bygdene frå Agder og oppover Vestlandet å vera av det same feslaget, men det kom etterkvart til å skilja seg ut ein-skilde typar i ein del bygdelag. Som vi skal sjå kom dette serleg til å gjera seg gjeldande i fylka nordanfor Rogaland.

Dei fyrste stambøkene.

Etter at ein fekk ein fastare skipnad med fesjåa, vart det teke opp krav om meir sikre oppgåver om dyra si ætt. Den fyrste stamboka som vart gitt ut i avlsområdet for Sør- og Vestlandsfe, var stamboka over oksar hovudsakeleg frå Vest-Agder. Den kom ut i 1923 og vart kalla "Stambok over Lyngdalsfe" og var redigert av fylkesagronom M. Rødland.

Band 2 omfatta vesentleg oksar i Rogaland. Den kom ut året etter og vart kalla "Stambok over Vestlandsk Raudkollfe". Planen for dette bandet var utarbeidd av dåverande fylkesagronom, seinare statskonsulent L. H. Kvasdheim. I dette bandet vart det med 581 oksar med eige nummer, og ein del som opptrer som "stambokkjende" i avstamminga til dei som vart stambokførde. Seinare vedtok departementet at desse to banda skulle stå som band 1 og 2 i det som deretter vart heitande "Stambok over Lyngdalsfe og Vestlandsk Raudkollfe".

Skiping av kontrollag.

Omkring århundreskiftet vart det gjort opptak til å starta fjøskontrollag. Dei 2 fyrste fjøskontrollaga i Rogaland kom igang i 1902 i Jaatun og i Nærbø.

Det gjekk likevel ikkje raskt å utvikla dette tiltaket. I 1906-07 var det 11 lag igang i Rogaland. Avdi det ikkje vart teke omsyn til kontrollresultata ved døminga av dyra gjekk interessa for kontrollen raskt nedover. I åra før fyrste verdskrigen var det bare 5-6 lag igang. Under krigen 1914-18 var det lita von om å få til nye lag. Difor var det lenge lita oppslutning. I 1921-22 var det ennå berre 6 lag igang. Men så året etter var ein oppe i 22 lag og sidan auka det jamt.

Dette kom mellom anna av at det nå vart gjort tiltak for å nytta oppgåvene frå kontrollaga ved døminga av kyrne. Dette fekk ein til ved at dyra vart tildelt ein serskild premie for yting ved sida av eksteriørpremien. Korleis dette vart gjort vil ein sjå av dei krava som vart gjort gjeldande for inntak i stamboka frå og med 3. bandet. Dette bandet som kom i 1928 inneheldt både oksar og kyr.

Vurderinga av dyra vart nå endra. Ein hadde tidlegare dømt etter ytre kjennemerke som ein kalla mjølkemerke. Det vil seia årer, hud, speil og liknande.

For opptak i stamboka vart det nå sett desse krava til kyrne:

"1. Dyrets avstamming skal være kjendt minst til og med besteforeldrene.

2. Dyret skal være raudt, brunt, brandet eller grått, kollet eller nøvlet.

3. Det må være kontrollert og oppnå minst 3dje premie for bygning og 3dje premie for ytelse ved en særskildt bedømmelse som finner sted i forbindelse med stambokføring.

4. Ved beregning av ydelsespremien gåes ud fra gjennemsnittet av dyrets 2 siste hele kontrollår. Dette sammenlignes med gjennemsnittet av de 2 siste kontrollår for hele fylket. Ydelsen omregnes til point således: 100 kg melk over eller under gjen-

nemsnittet i fylket gir 1 point tillegg eller fradrag. 0,10% fett over eller under gjennemsnittet gir 2 point tillegg eller fradrag. Det kreves følgende pointsum for oppnåelse av de forskjellige premier:

3dje premie 2 til 12 point.

2den premie 12 til 23 point.

1ste premie 23 og mer

Ku som i gjennemsnitt ikke har minst 3,5% fett stambokføres ikke.

Ved beregningen tas skjønnsmessig hensyn til fôrforbruk".

Som ein ser vart det lagt vinn på å auke feittinnhaldet i mjølka på det viset at det vart gjeve serskilt poeng for høg feittprosent. Det kan sjå merkeleg ut at ein la så stor vekt på høgt feittinnhald i mjølka, men dette kom nok av at smøret frå gammalt av var eit viktig produkt som hadde høgt verdi som betalingsmiddel.

Systemet med 2-delt premie heldt ein ved lag til etter siste krig då ein gjekk over til eit system med samla premie der både bygning, avdrått og avstamming talde saman.

Sjølv om feet var småvaks fanst det likevel ein skilde kyr med ei monaleg yting. I dette bandet var det med 3 kyr som i minst 1 år hadde hatt ei høg yting av mjølk og minst 200 kg mjølkfeitt. Desse var:

	År	mjølk kg	feitt %	mj. feitt kg
Raudkoll 51				
Martin A. Håland	1925-26	4944	4,62	228,4
Dagros 151				
Albret O. Tu	1925-26	5243	4,24	222,3
Brundokka 161				
Garbr. Nærland	1926-27	5032	3,99	200,8

Fedrene til desse kyrne var henholdsvis Ørmland 746, Bolchevik 965 og Sol 693.

Etterkvart som ein fekk utgjeve stambøker vart det også råd å fylgja einskilde slekter som sette sterke merke etter seg i avlen.

Bassel 327.

Ein okse som viste seg å setta sterkt preg på avkommet sitt, og dermed også fekk stor innverknad på utviklinga av rasen, var Bassel 327.

Oksen var fødd i 1891 og vaks opp under tarveleige kår på ein fjellgard på Sunnmøre. Han møtte fyrste gong 3 år gamal på eit sjå der han fekk premie sjølv om han då etter det det vert sagt ikkje var stort større enn ein vær. Etter dette vaks han til og vart stilt ut på ny året etter og fekk ein betre premie. I 1898 vart han stilla ut på eit større sjå i Bergen der han vart dømd som ein av dei beste oksane og fekk ein god 2. premie. Han vart då seld til Skredestranda Fealslag på Sunnmøre for kr 100,-.

Landbruksskulestyrar H. Aarstad gjev oksen denne omtalen i Bondevennen for 1913:

"Bassel var yderst lavbent, men dryg i kroppen særleg var brystet dypt og godt. Den er i katalogen fra Bergen oppgitt med et brystomfang på 180 cm - ca. 11 kvart, 3 stolper, hvorefter man antagelig kan gå ut fra at den hadde en legemsvekt på henimot 450 kg .Det væsentligste man kunde ha at udsette på den var, at kroppen faldt noget let bak; men allikevel var bygningen harmonisk og riktig pen likesom ogsaa dens melkepræg og merker var særdeles gode".

Fargen var nærast raudgrå.

Oksen vart avertert til salg i 1899 og då kjøpte lensmann Landmark i Sokndal oksen pr. telegram til Sokndal fealslag for 450 - betingelsesvis 500 kr.

Dette var ein svært høg pris for ein okse den gongen. På utvalssjå der i 1900 fekk oxen 1. premie. Bassel vart slakta i 1902, men trass i at han verka bare i kort tid i Sokndal fekk han ein god del avkom som sette merke etter seg. Av sønene hans kan nemnast Goliat 350. Han vart far til oksane Bassel II 407, Bismark 408, Snøgg 418 og Baronen 445. Frå Bismark 408 ættar mellom andre oxen Fagermann 608. Han var mykje brukt og etterlet seg ikkje mindre enn 43 stambokførde søner. Ein annan av Goliat sine søner var Baronen 448. Frå han ættar oksane Ørsland 746 som har 25 stambokførde søner, mellom desse kan serlig nemnast Ørslandssonen 802. Avkommet etter Fagermann 608 og Ørsland 746 fekk stor innverknad på feet i Rogaland og vidare i avlsområdet.

Det vart etterkvart meir og meir tydeleg at sentret for avlen vart liggjande i Rogaland, medan innverknaden frå Vest-Agder med Lyngdal kom meir i bakgrunnen.

Avkomsgranskingar.

I 1937 kom 9. bandet av stamboka ut. Her vart det gjort grei gransking av avkommet etter 6 av dei meir kjende oksane innan rasen, nemleg Fagermann 608, Snøgg 418, Pryd 715, Mørk 865, Ørsland 746 og Ørslandssonen 802. Granskinga var utført av assistent, seinare statskonsulent Einar Kullerud med dei hjelpemidlar av reknemaskinar som den gong stod til rådvelde. På den tida var det lite ein hadde av tekniske hjelpemidlar til matematiske utreknningar, så det var eit stort arbeid som vart lagt fram.

Desse oksane hadde vore brukt i gode feavlslag og dei var sett på som lovande oksar. Med unntak av Pryd 715 syner det seg at dette vart stadfesta ved desse granskingane. Dette var eit nytt innslag i avls-

arbeidet som kom til å få mykje å seia for feavlen i tida framover.

Nye granskingar vart lagde fram i band 10, 12 og 17.

Særeigne driftstilhøve.

Driftsopplegget i mjølkeproduksjonen var noko spesiell her i fylket i høve til andre stader.

Frå gammalt hadde det vore vanleg med vårkalving, og den tendensen heldt seg også i nyare tid. Dette kom av at beitekulturen vart betre og Rogaland vart etterkvart det fylket som satsa mest på kulturbeite. Dermed freista ein å ta så stor avdrått som råd i beitetida.


Eit anna trekk var at det her vart påsett lite ungdyr. Ein gjekk inn for å ha mange kyr i full produksjon og heller ha litt lite påsett av ungdyr. På Jæren har det i lange tider vore kjøpt inn mykje kyr. I grunnen var det ei heller lita gruppe som tok del i det eigentlege avlsarbeidet. Desse dreiv særlig med oppal av oksar. Utover dette var det lite overskot av ungdyr for sal. Difor vart det til at ganske mange kyr vart kjøpte inn særleg frå nabofylket Vest-Agder. På dette viset kom feet i desse bygdene til å få ein viss innverknad på feet i Rogaland, kanskje mest på Jæren.

Etterkvart som avdråtten auka vart det også reist spørsmål om ein ikkje i avlsarbeidet etterkvart måtte arbeida for å auka storleiken på dyra.

Utviklinga i andre deler av avlsområdet.

I dei andre fylka av avlsområdet var utviklinga nokolunde lik den som hadde skjedd i Rogaland.

I Vest-Agder stod feet i Lyngdal sterkt frå gamalt av. I første bandet av stamboka skriv fylkesagronom Rødland om Sterkuld Aslaksen Skuland som levde i



Rossar 4029.

Rossar er avkomstgranska med indeks 131,5. Det er den høgaste indeks som nokon okse har oppnådd her i landet. Han er fødd 19. februar 1950 hos Jonas Torland, Nærbø, og blei seld som kalv til Valentin Rossebø, Haugesund. Far til Rossar var Fjøsnessen 3699 og farfar var Pan 3026. Mora var Runa 3100. Far hennar var og Pan 3026. Rossar er såleis resultat av halvsyskenparing. Han blei kjøpt til Sola Oksestasjon i 1956 og stod der til han blei slakta den 5. september 1962.

Som ein vil sjå av bilete er han langvaksen. Her i sine gamle dagar ute på beite verkar han lågbeint, men beitegraset er ein del skuld i dette. I sin ungdom var han ein forholdsvis høgstilt okse. Rossar gav mykje godt avkom. Døtrene hadde det vi kallar ei slak laktasjonskurve. Det vil seia at dei mjølka jamnt utan dei store dagsmjølkemengdene som set tildels store krav til dyra si helse.

Foto: Karl Aartun.

Mandalen frå 1740 til 1820. Han innførde Rosnesfe frå Lyngdal. Desse var raude på let og denne fargen heldt seg i 2 til 3 ættledder.

Lyngdal var eit typisk oppalsdistrikt og feet derfrå hadde godt ord på seg. Derfrå vart det selt mange dyr til mjølkeprodusentane kring Kristiansand.

Men også her kom interessa for å prøva noko nytt inn. Lindeqvist reiste i Fylket i 1856, og han rådde til at ein skulle halda seg til Telemarksrasen i dei indre bygdene og at dei ytre burde satsa på Ayrshire.

Det vart ei tid då krysningane med ayrshire dominerte på fesjåa, men også her kom det reaksjon mot denne rasen. Mellom mjølkeprodusentane kring Kristiansand kom det klage både på helsetilstanden og ytinga som ikkje viste seg å vera tilfredsstillande. Det vart difor etterkvart fleire røyster som tala til del for det lokale feslaget.

I fleire år vart dyra på sjået i Lyngdal dømt i to upper, "Lyngdalsgruppa" og "Bruksdyrgruppa". I me siste gruppa var det nok dyr med tydeleg ayrshireinnslag som møtte. Statskonsulent Tøsti rådde då i 1897 til at denne gruppa burde gå ut, og det vart vedteke på årsmøtet i landhusholdningsselskapet at lyngdalstypen skulle arbeidast fram i kystbygdene. Dermed fekk ikkje ayrshireblandingane møta på fesjåa. Likevel var det ennå i fleire år framover mjølkeprodusentar kring Kristiansand som heldt på dei. Men på utvalssjåa som vart innførde i 1901 gjekk ein hardt til verks mot kryssingsdyra.

Fesjået i Lyngdal utvikla seg etterkvart til også å verta eit stort handelsstemne for storfe. Derfrå vart det selt ikkje få dyr til Rogaland, serleg då til Jæren, men også til bygdene lenger nord på Vestlandet. Lyngdalsfeet kom difor til å utgjera eit visst innslag i feet i bygdene nordover kysten.

Alt i 1910 tok ein til med å samla inn materiale til

ei stambok for Lyngdalsfe. Den kom ut i 1923 og var utgjeven av Vest-Agder Landbruksselskap med fylkesagronom M. Rødland som redaktør.

Statens Stambokkontor vedtok at denne skulle utgjera fyrste bandet av ei felles stambok for Lyngdalsfe og Vestlandsk Raudkollfe.

Hordaland.


I Hordaland var situasjonen meir innfløkt. Av framande rasar hadde ein der satsa mindre på ayrshiretypen, men meir på Jydsk fe. Utgangspunktet var likevel det same feslaget som ellers på Vestlandet. Dåverande amtsagronom, seinare statskonsulent K. Teig skreiv om feet på Vestlandet i fyrste nummer av Bondevennen som kom ut i 1898. Etter hans syn var feet å sjå på som ein felles landrase som var utvikla til å produsere mjølk etter dei vilkår som naturen på Vestlandet gav det. Men på grunn av "enkeltes interesse for horn, farger og annet" var feet utvikla til ulike typer. Difor var det ut av dette skapt eit heilt virvar, men dyra var med omsyn til kroppsforma og dei indre eigenskapane (mjølkeevna til dømes) av stor likskap.

Samla vart dei omtala som Vestlandsk Fjordfe.

Også her hadde det etterkvart som fesjåa arbeidde seg inn kome krav om typar og rasar. Etter ein del diskusjon om dette samla ein seg om å hjelpa fram ein del vestlandske typar som ein meinte hadde gamle røter i fylket. Det vart då oppretta 4 stamhjordar av desse typane.

Den fyrste vart oppretta på landbruksskulen på Stend og skulle vera av såkalla Bergenhusisk rase. Det vart kjøpt inn 10 kyr og 1 okse som alle var svarte og hornete.

Den andre stamhjorden vart skipa i 1877 hos Nils Juel på Halsnøy Kloster. Her vart også kjøpt inn 10



Bjuk 3335 fødd 21. mars 1945 på Opstad Tvangsarbeidshus, Nærbø. Han blei seld fleire gonger. 1. premie Ekeberg landbruks-utstilling. Kjøpt av Sola Oksestasjon i 1956. Far O'en 3053. Mor Bine, morfar Taurus 1996.

Foto: Forfattern.

kyr og ein okse, alle frå Sunnhordland. Desse dyra var for det meste raude og hornete, og det var tanken at buskapen skulle danna grunnlaget for ein slik type.

Ein tredje stamhjord vart skipa i 1878 hos forvaltar M. T. Langballe på Skorpo i Sunnhordland. Også til denne buskapen vart det kjøpt inn 10 kyr og ein okse, men desse var grå og kollete.

Den fjerde buskapen var skipa i 1881 i Eidfjord i indre Hardanger. Den var ihopsett av 6 kyr og ein okse av Telemarkfe.

Etterkvart vart desse stamhjordane lagde ned og det vart eit vendepunkt då oxen Sverre 1042 dukka opp. Det var ein raud kollet okse som på kort tid snudde heile avlen i Sunnhordland til raudkoller frå århundreskiftet av. Han var fødd i 1898 hos Lars Tjelle, Skånevik. Far var Odin Uskedalen 1033 og mora Blomma var fødd 1892 hos Per O. Mosnes, Fister.

Gråkollene heldt likevel stand i lang tid i Nordhordland, og det er denne typen frå Skorpo ein finn mest spor etter oppetter kysten, særleg i Sogn og Fjordane og Møre.

Frå århundreskiftet vart det då 3 ulike typer ein arbeidde med.

1. Vestlandsk Raudkollfe i Sunnhordland og storparten av Nordhordland.
2. Svart hornet Vestlandsk Fjordfe i Midthordland og noko av Nordhordland.
3. Telemarksfe i indre Hardanger og på Voss.

Raudkollene i Sunnhordland bygde for ein stor del på dyr innkjøpte frå Rogaland, og dei to fylka samarbeida om denne typen utan omsyn til fylkesgrensene.

Den svarte hornete typen stamma frå Jysk fe

som vart innført i 1860-åra. Ein av dei fyrste oksane som vart innkjøpt til stamhjorda på Stend,* Mørk-mann 1 Stend 2 var son til den fyrste oxen i Stamboka, Holger Danske 1. Far til denne var ein innført dansk okse omtalt som "svartflekkut med småe horn".

Likevel var det vanleg i fleire bygder i Hordaland at ein brukte oksar av dei ulike typene om kvarandre like opp til århundreskiftet.

Det første bandet av "Stambok for Vestlandsk Fjordfe" kom ut i 1926. Det omfattar dyr i Hordaland og det er der nemnt fleire oksar som kom til å bli tekne inn i stamboka for raudkoller. Ein måtte difor ofte vise til dyra frå den eine stamboka til den andre.

I 4. bandet av Stambok for Lyngdalsfe og Vestlandsk Raudkollfe som kom ut i 1927 er det for det meste dyr frå Hordaland som er tekne med. Det er her også teke med tilvisingar til Stamboka for Fjordfe, slik at det tydeleg var mykje slektskap mellom dyra i dei to greinene.

Sogn og Fjordane.

I dette fylket vart det ikkje prøvd å laga nokon eigen lokal type av feet. Det var heller arbeidet med å betra stell og foring ein la mest brett på. Og dette vart gjort i samband med fjøssjå halde kringom i bygdene.

Landhusholdningsselskapet gjorde eit framstøyt med å kjøpa inn ein del ayrshiredyr, men det vart lite ein fekk att for dette. I 1877 vart det prøvd med å oppretta 2 stamhjordar. Den eine for Telemarksfe for dei indre bygdene. Den andre var for Vestlandsfe som ein ville ha i dei ytre bygdene. Men då ein ikkje fann høvelege dyr innan fylket, vart det kjøpt inn ein okse frå Stord og 2 kyr frå Fusa og 8 kyr frå Os i

Midthordland. I tillegg vart det kjøpt inn 2 kyr frå fylkesagronom Eide som skulle vera vert for horden, slik at ein kunne starta med 12 kyr og ein okse. Alle dyra var svarte og kollete. Oksen fekk namnet Atle Jarl og fekk 2 pr. i 1876. Statsagronom Konow som var tilstades omtala han som sers velbygd, kubben og triveleg. Han sa at med ein slik okse måtte det på stutt tid la seg gjera å laga ein kjøtrase. Dette freistar til å tenkja på Aberdeen-Angus, men etter det me veit vart det ikkje ført inn dyr av denne rasen på den tida.

Ellers var dyra i buskapen heller små. I stamboka er det gitt opp levande vektor frå 200 til 344 kg, og ein avdrått som har variert frå 537 til 1596 kg. Buskapen fekk likevel liten innverknad på feet i fylket.

Etter at ein fekk ei fastare ordning med fesjå og oksehald i 1890-åra, prøvde ein å avla fram ein del meir einsarta typer. Ein var likevel aldri streng i døminga av desse dyra. Bare dei var einsfarga vart dei godtekte enten dei var svarte, grå eller raude. Horna var ein heller ikkje så nøye med.

Frå 1905 av vart det til at ein samla seg om ein del typer.

1. Svart eller grått hornet fe i Nordfjord.
2. Svart og kollut fe i Sunnfjord.
3. Raudt og hornet fe i Indre Sogn.

I ytre Sogn var interessa for feavl heller liten, men feet låg som type nærast feet i Sunnfjord. Etterkvart vart det til at ein i indre Sogn bare godtok raude oksar, men ein tok det mindre nøye med om dei hadde horn eller ikkje. I Nordfjord vart det til at ein godtok oksar anten dei var svarte grå eller raude. Heller ikkje der vart det gjort forskjell på om dei hadde horn eller var kollete. I Sunnfjord vart det bare godteke kollete oksar utan omsyn til om dei var

svarte, grå eller raude. Dyr av den grå typen døyde etterkvart ut i Sogn og Fjordane.

Møre og Romsdal.

Opptaket til eit meir målmedvete avlsarbeid gjekk etter det same mønster som i dei andre fylka på Vestlandet. Det var ein del privatmenn som hadde prøvd med innførsle av utanlandsk fe – særlig ayrshire, utan at resultat vart vellukka. Ein tok då til å sjå på sitt eige feslag og fann at det der var dyr som kunne mjølka godt bare dei fekk godt stell.

Etter at statsagronom Lindeqvist hadde peika ut Telemarksrasen som den mest sermerkte her i landet blei det tatt opp arbeid for å spre denne rasen også i dette fylket. Landhusholdningsselskapet der kjøpte inn ein del dyr og det var fleire bønder som sa seg interessert i å ta over ein del av desse. Mellom anna vart det spreidd ikkje så få dyr til Nordmøre.

I 1880-90 åra vart det sterk diskusjon om rase-spørsmålet. Amtsgonon P. Br. Nordang var opp-tatt av reinavl på det lokale feslaget i samsvar med dei tankane som rådde i tida. Han ynskte å få klare linjer ved døminga på fesjåa. Blandingsavlen hadde fått stort rom på Nordmøre. Men på Sunnmøre og i kystsstrøka elles i fylket var det den grå kollete typen som var mest vanleg. Her var og feslaget minst oppblanda. Det hadde nok sitt å seia at det i nabofylket i sør hadde vore drive med grått fe. Om dyra var horna eller kollet tok ein det ikkje så nøye i førstninga, men etterkvart vart bare kollete oksar godkjende. Utover i 1930 åra var det ein del interesserte oppdrettarar i Sykkylven og Ørsta som hadde fått inn vestlands raudkollfe. Desse hadde høgare yting enn gråkua og etterkvart vart det spreidd meir og meir av raudkoller i fylket.

Det hadde kome ut stambok over Vestlandsk

Fjordfe også for feet i dette fylket, men det viste seg etterkvart at det måtte gå mot ei samanslåing av dei ulike typane av vestlandsfe.

På Nordmøre gjekk avlen etterkvart meir i retning av Sida Trønderfe.

Felles stambok for Sør- og Vestlandet.

Krigen førde sjølvstakt med seg mykje vanskar på mange vis, og arbeidet i kontrollaga låg nede serleg avdi førsituasjonen var vanskeleg med lite proteinrikt kraftfôr og mykje cellulose som karbohydratfôr. Men fealslaga og arbeidet med fesjåa gjekk sin gang. Etter krigen kom kontrollaga igang att for fullt og det førde med seg stor interesse for god røkt og sans for kontroll med ytinga.

I arbeidet med dei ulike typane av fe i vestlandsfylka vart det etterkvart meir og meir klårt at det beste ville vere å samle desse i ei stambok.

Årsmøtet i Møre og Romsdal Landbruksselskap gjorde i 1946 vedtak om å ta bort raseskiljet mellom feslaga av vestlandsfe i fylket og ta dei opp i ei felles stambok. Men det kom ein del protestar mot dette. Før krigen var det gjeve ut 3 band av stambok for Vestlandsk Fjordfe. Siste bandet kom ut i 1935 og omfatta feet i Møre og Romsdal.

Det vart likevel klårt for dei fleste at skiljet mellom dei ulike fetypane på Vestlandet ikkje kunne oppretthaldast.

I 1947 vart det difor halde eit møte i Bergen med utsendingar frå alle vestlandsfylka. Her drøfta ein retningslinene for avlen og Einar Kullerud som var konstituert statskonsulent, gjorde framlegg om ei felles stambok med namnet Sørlandsfe og Vestlandsfe. Men dei nordlege vestlandsfylka ville ha namnet Fjordfe. Agderfylka som ikkje hadde vore til stades på møtet, ynskte på si side at

Lyngdalsfe skulle vera med i namnet. Til slutt tok landbruksdirektøren avgjerd om at namnet skulle vera Sør- og Vestlandsfe, (oftast forkorta til S og V fe).


Dette førte til at ein her fekk samla feet i eit stort raseområde.

Med dette var ein viktig bolk i utviklinga av Sør- og Vestlandsfeet fullført. Det var utført eit stort arbeid frå slutten av 1800 åra og fram til 1950. Dei som hadde stått i spissen for dette i dei ulike fylka var då fyrst interesserte oppdrettarar, men også fylkesagronomane, assistentane deira og andre hjelpesmenn. Det er uråd å nemna alle i ein artikkel som denne, men likevel bør nemnast statskonsulentane K. Teig, Kristen Skaar og L.H. Kvadsheim. Den sistnemnde med kontor i Stavanger. Kvadsheim gjekk med kraft inn for å konsolidera rasen i det området han var tildelt.

Dette strekte seg frå dei bygdene i Aust-Agder som dreiv med S og V fe langs kysten opp til Møre og Romsdal, med unntak av bygdene på Nordmøre som dreiv med Sida Trønderfe.

Med den viktige innverknaden feet i Sokndal hadde dei fyrste åra etter århundreskiftet må også nemnast lensmann Landmark i Sokndal som var formann i Sokndal fealslag på den tida. Han vart heidra med Landbruksselskapet sin sylvmedalje for sin innsats i feavlen. Sonen Leif Landmark som seinare vart fylkesagronom i husdyrbruk, utførte også eit stort arbeid med å kartleggja avstamminga og skaffa andre opplysningar om kyrne i Sokndal i tilknytning til utgjevinga av band 2 av stamboka som galdt oksar i Rogaland.

Utgangspunktet for rasen var også godt dei første åra etter krigen. Rogaland var blitt det fremste avlsområdet i rasen, og avdråtten til kyrne her hevda seg



Branna 3062 fødd 20. oktober 1944 hos Lars Hole, Voll på Jæren. 1. premie og 1. avdråttspremie Stavanger 1951.
 3 års middel: 6098 kg mjølk; 4,4% feitt; 268 kg mjølkefeitt. Far Haug 3028. Mor Nanna 2653.
 Foto: Martin Hem, 1953.

godt ovafor dei større dyra på Austlandet og i Trøndelag.

Som døme kan ein nemna tala for åra 1949 til 1953:

År	kg mjølk	f. %	kg mj.f.	4% mjølk	lev. vekt kg
1949	3196	4,22	135,0	3303	392
1950	3280	4,23	138,7	3394	397
1951	3215	4,26	137,1	3343	406
1952	3292	4,28	141,1	3434	407
1953	3271	4,34	142,0	3403	404

På denne tida låg dei beste fylka i landet eit og anna år noko høgare i mjølk. Når ein tek omsyn til 4 % målemjølkk var likevel Rogaland dei fleste åra på topp, sjølv om dyra her var 50 til 80 kg lettare enn i dei andre fylka som tevla i toppen. At ytinga i Rogaland på denne tida var høg, kom også til uttrykk då ein fekk nye utstillingsreglar fyrst på 50-talet. Istadenfor ein eigen premie for avdrått gjekk det nye systemet ut på at ein gav poeng etter visse reglar for avdrått, avstamming og bygnad. Poenga vart så lagt saman og summen avgjorde premiegraden. Poenga for avdrått vart utrekna etter ein fastsett tabell som galdt for heile landet. Her vart det sett krav til yting etter kor store kyrne var.

Utvalssjåa vart nå avløyste av bygdesjå, og folk møtte mannjamnt opp med dyra sine. Tidlegare hadde det vore sjeldan med 1. premie på desse sjåa. Etter den nye tabellen som vart sett opp for krav til avdrått vart det nå reine inflasjon i 1. premie dyr. Som døme kan nemnast antal 1. premiar frå eitpar bygdesjå på denne tida.

Varhaug	1954	10 1. premiar
Klepp	1955	24 1. premiar
Nærbø	1955	35 1. premiar

Namngjetne avlsdyr.

Ein hadde også fleire gode avlsdyr som sette gode merke etter seg. Det mest namngjetne er avkommet etter kua Pandora 1283. Kua var fødd i 1931 hos Olaf O. Varhaug i Varhaug. Faren var Randleiv 1616 som fekk 3+ avkomspremie og mora var Plomma hos Olav O. Varhaug. Ho hadde då ein 3 års middel på 4209 kg mjølk med 4,17 % feitt.

Det var gjennom sønene sine Pan 3026 og O'en 3053 ho fekk så stor innverknad på avlen av S og V

feet. Far til begge desse var Palmer 1701. Pan 3026 stod i Nesheim fealslag og fekk ei rekkje gode søner. Den mest namngjetne av desse var Fjosnissen 3699 som vart granska med ein indeks for mjølkeevna til avkommet på 129,0.

Populært sagt tyder dette at oxen sine arveanlegg for mjølkeyting låg 29% over middel for rasen. Fjosnissen 3699 var ein framifrå avlsokse som også førte desse anlegga over til dei fleste av sønene sine. Av desse må nemnast Rossar 4029 som fekk ein indeks på 131,5. Han var fødd hos Jonas Torland i Nærbø. Torland vart dermed den første oppdrettaren som blei tildelt Buskap og Avdrått sin statuett for beste avkomsgranska okse i årgangen. Ein annan son av Fjosnissen 3699 var Stuenissen 4872 som vart avkomsgranska med indeks på 122,3. Han var også fødd hos Jonas Torland som vart tildelt Buskap og Avdrått sin statuett også for denne. Torland er etter det ein veit den einaste i landet som har fått to av desse statuettane.

Ein heilbror til Pan 3026 var O'en 3053. Han vart seld til Opstad Tvangsarbeidshus, Nærbø. Dermed fekk han ikkje så stort område å arbeida i, men i buskapen på Opstad stod det mange gode avlskyr, og O'en vart der far til fleire gode søner.

Mest kjend av desse er Bjuk 3335 med indeks 110,4 og Helten 3638 med indeks på 123,0.

Det er tydeleg at ein med desse sønene etter Pandora 1283 og Palmer 1701 fekk ei okselinje som førde anlegg utanom det vanlege for mjølkeproduksjon. Oksen Helten 3638 var son til kua Helta 2755 som stod i buskapen på Opstad til ho vart godt 19 år gamal. Ho fekk 16 kalvar og hadde ein livstidsproduksjon på 95749 kg mjølk og 3974 kg mjølkefeitt. I 9 av desse åra hadde ho ein avdrått på over 6000 kg mjølk.

Etterkvart som avkomsgranskingane vart utbygde, synt det seg at det var fleire andre oksar som hadde gode nedarvingsevner, mellom andre Florgut 3743 med indeks 115,2 og Rane Vatne 3982 med indeks 118,3 for bare å nemna eitpar.

Arbeidet i fealslaga skapte stor interesse. Til statssjåa i Stavanger møtte det år om anna over 100 oksar, og kjøparane kom frå store deler av avlsområdet.

Også i Hordaland og Møre og Romsdal var det stort oppdrett og godt fram møte både av dyr og folk til statssjåa som var dei viktigaste på den tida.

I utvalet av dyr var det frå gammalt av lagt vekt på at dyra skulle vera såkalt "djupvaksne". Dette såg ein som eit spesielt teikn på at dyra var trivelige. Som oftast førte dette til at dei lågbeinte dyra vart dregne fram som idealet.

Etter at mjølkemaskinane gjorde sitt inntog, vart det ein reaksjon på dette. Ein la då meir vekt på høgde både på kyr og oksar. Likevel var det som hovudsak heile tida lagt vekt på at kyrne skulle ha god jurform og greie spenar.

Skipping av avlslag og oksestasjon.

Men det skjedde også andre ting som kom til å få avgjerande verknad for avlen av storfe. Under krigen hadde ein såvidt teke i bruk kunstig sædoverføring på Hedmark i det avlsområdet som seinare vart kalla Avlslaget for norsk rødt fe.

Etterkvart vart det stifta avlslag for fleire rasar som sette igang med oksestasjonar for kunstig sædoverføring eller inseminering som det vart kalla.

Innan avlen av Sør- og Vestlandsfe var ein lenge skeptisk til å ta denne teknikken i bruk. Ein var redd for at det ville føra til sterk innavl og dermed skape vanskar for det vidare avlsarbeidet.

Likeeins var det klart at dette også ville slå beina

under fealslaga som hadde vore ein viktig lekk i oppbygginga av rasen.

Likevel starta Møre og Romsdal Mjølkesentral 1949 ein oksestasjon på Gjermundsnes Landbrukskule. Den vart seinare flytt til Molde. Her sørpå var det lenge stilt, men på årsmøtet i Rogaland Meierilag i 1953 tok ein opp tanken om eige sæddepot her med import av sæd frå oksestasjonen i Oslo.

For å kartleggja interessa for tiltaket vart det sendt ut spørjeskjema om interessa for inseminering og kva rase ein ville ha sæd av. Det vart sendt ut spørjing gjennom meieria til omlag 7000 leverandørar, men responsen var dårleg. Likevel vart det til at ein fekk ei ordning med tilførsle av sæd frå oksestasjonen i Oslo.

Etterkvart vart det klart at ein ikkje lenger kunne stilla seg passiv ovafor dei nye tiltaka i avlsarbeidet. Rogaland Landbruksselskap tok difor saka opp på eit omframt årsmøte den 2. desember 1955. Her heldt underteikna som då var fylkesagronom i husdyrbruk, eit foredrag der det mellom anna vart teke opp spørsmål om stifting av avlslag for Sør- og Vestlandsfe. I debatten etterpå synt det seg at det var stor interesse både for avlslag og for å få løyst spørsmålet om eigen seminastasjon i området.

Det vart då gjort dette vedtaket: "Det vert sett ned ei nemnd som skal utarbeida vedtekter for eit avlslag for Sør- og Vestlandsfe. Nemnda skal søkja kontakt med dei andre distrikt som arbeider med denne rasen og i tilfelle tilslutning supplerer seg med medlemmer derifrå og på breiast mogeleg grunnlag få skipa eit avlslag for distriktet. Nemnda får og i oppdrag å arbeida med skipping av sædstasjon for distriktet". Med i denne nemnda kom Alf Bilstad, Heskestad, Guttorm Gudmestad, Nærbø, Dagfinn Lea, Sola, og Valentin L. Rossebø, Skåre. Rossebø vart vald til for-

mann med fylkesagronomen i husdyrbruk som sekretær. Nemnda tok straks kontakt med ei nemnd som arbeidde med skiping av eit lag i Hordaland, men ein vart samde om at det førebels var best at dei to fylkeslaga vart skipa kvar for seg. Alt den 16. februar kunne ein kalla inn til konstituerande møte der nemnda la fram tilråding om skiping av avslag og oppretting av eigen oksestasjon. Innkalling til møtet var sendt til alle fealslaga og overassistentane samstundes med at det var lyst ut i dagspressa. Det vart stort frammøte frå heile fylket.

Etter foredrag av statskonsulent Hans Tilrem som då var statskonsulent for storfeavl for heile landet, vart tilrådingane frå skipingsnemnda tekne opp til drøfting. Fleire hadde ordet og resultatet vart eit samrøystes vedtak om å stifte eit eige avslag for Sør- og Vestlandsfe, mens framlegget om oksestasjon vart vedteke mot ei røyst.

Framlegget gjekk mellom anna ut på at det på møtet skulle veljast styre og eit representantskap for avslaget. Til medlemmer av representantskapet vart det valt interesserte oppalarar som representerte dei ulike distrikta i fylket. Desse vart valde:

L. H. Kvadsheim, Oгна; Alf Bilstad, Heskestad; Rolf Kjos Hansen, Eigersund; Guttorm Gudmestad, Nærbø; Olav Bjorland, Varhaug; Peder Kvia, Klepp; Alf Bryne Norheim, Time; Per Edland, Time; Berner Borsheim, Høyland; Valentin L. Rossebø, Skåre; Sigvald Waage, Avaldsnes; Osm. Apeland, Tysvær; Anbj. Marvik, Imsland; Jon Boganes, Vats; Torstein Flesjå, Finnøy.

Varamenn vart: Nils Svalestad, Helleland; Halvard Osland, Bjerkreim; Hans Haneberg, Sokndal; Peder Anda, Klepp; Arne G. Joa, Sola; Nils Nærland, Nærbø; Sverre Kolnes, Avaldsnes; Olav Straum, Skjold; Kristen Valland, Skudenes; Olav

Sørbo, Rennesøy; Albert Moe, Suldal; og Josef A. Ramsfjell, Strand.

Peder Kvia vart vald til formann i representantskapet.

Til styre valde ein Guttorm Gudmestad, Jon Boganes, Olav Bjorland, Valentin L. Rossebø, Alf Bilstad og Sigvald Waage.

I representantskapet vart Guttorm Gudmestad vald til styreformann. Nemnda som skulle førebu skipinga av avslaget hadde også til mandat å arbeida med skiping av oksestasjon. Ein vende seg til bøndene sine omsetningsorganisasjonar og ba om stønad til dette tiltaket. Ein fekk tilskott frå Rogaland Fellessalg, Rogaland Felleskjøp, Rogaland Meierilag, Bøndernes Bank A/S og Vestlandske Mjølkesentral. Med denne stønaden i ryggen kunne ein starta opp med oksestasjonen alt i april. At ein kunne koma så raskt igang skuldast ikkje minst okseverten Dagfinn Lea si interesse for saka. Etter å ha granska fleire alternativ vart det gjort avtale om plass for stasjonen hos han. Stasjonen vart kalla Sola Oksestasjon, og det vart oppnemnt eige styre for stasjonen med representantar for S og V laget og avslaget for jerseyfe. Som stasjonsveterinær vart tilsett Ola Indrehus frå starten av. Ein starta med 4 oksar av S og V fe og 2 jerseyoksar. Mellom oksane av S og V fe var Rossar 4029 som var avkomsgranska med ein indeks på 131,5, Rosadraum 4050, med indeks etter avkomsgransking på 107,4, og Hastig 5147 som seinare vart granska med indeks på 109,0. Etterkvart vart det sett inn fleire oksar. Ein satsa mykje på å få inn oksar som var avkomsgranska eller med avkomsgranska fedre, men i fyrstninga var det vanskeleg for mange å skjønna kva dette med gransking og indeksar stod for. Endåtil folk som ein skulle venta betre av såg heller etter morsytinga til

Etterkvart som avkomsgranskingane vart utbygde, synt det seg at det var fleire andre oksar som hadde gode nedarvingsevner, mellom andre Florgut 3743 med indeks 115,2 og Rane Vatne 3982 med indeks 118,3 for bare å nemna eitpar.

Arbeidet i fealslaga skapte stor interesse. Til statssjåa i Stavanger møtte det år om anna over 100 oksar, og kjøparane kom frå store deler av avlsområdet.

Også i Hordaland og Møre og Romsdal var det stort oppdrett og godt framferte både av dyr og folk til statssjåa som var dei viktigaste på den tida.

I utvalet av dyr var det frå gammalt av lagt vekt på at dyra skulle vera såkalt "djupvaksne". Dette såg ein som eit spesielt teikn på at dyra var trivelige. Som oftast førte dette til at dei lågbeinte dyra vart dregne fram som idealet.

Etter at mjølkemaskinane gjorde sitt inntog, vart det ein reaksjon på dette. Ein la då meir vekt på høgde både på kyr og oksar. Likevel var det som hovudsak heile tida lagt vekt på at kyrne skulle ha god jurform og greie spenar.

Skiping av avslag og oksestasjon.

Men det skjedde også andre ting som kom til å få avgjerande verknad for avlen av storfe. Under krigen hadde ein såvidt teke i bruk kunstig sædovertføring på Hedmark i det avlsområdet som seinare vart kalla Avslaget for norsk rødt fe.

Etterkvart vart det stifta avslag for fleire rasar som sette igang med oksestasjonar for kunstig sædovertføring eller inseminering som det vart kalla.

Innan avlen av Sør- og Vestlandsfe var ein lenge skeptisk til å ta denne teknikken i bruk. Ein var redd for at det ville føra til sterk innavl og dermed skape vanskar for det vidare avlsarbeidet.

Likeeins var det klart at dette også ville slå beina

under fealslaga som hadde vore ein viktig lekk i oppbygginga av rasen.

Likevel starta Møre og Romsdal Mjølkesentral 1949 ein oksestasjon på Gjermundsnes Landbrukskule. Den vart seinare flytt til Molde. Her sørpå var det lenge stilt, men på årsmøtet i Rogaland Meierilag i 1953 tok ein opp tanken om eige sæddepot her med import av sæd frå oksestasjonen i Oslo.

For å kartleggja interessa for tiltaket vart det sendt ut spørreskjema om interessa for inseminering og kva rase ein ville ha sæd av. Det vart sendt ut spørjing gjennom meieria til omlag 7000 leverandørar, men responsen var dårleg. Likevel vart det til at ein fekk ei ordning med tilførsle av sæd frå oksestasjonen i Oslo.

Etterkvart vart det klart at ein ikkje lenger kunne stilla seg passiv ovafor dei nye tiltaka i avlsarbeidet. Rogaland Landbrukselskap tok difor saka opp på eit omframt årsmøte den 2. desember 1955. Her heldt underteikna som då var fylkesagronom i husdyrbruk, eit foredrag der det mellom anna vart teke opp spørsmål om stifting av avslag for Sør- og Vestlandsfe. I debatten etterpå synt det seg at det var stor interesse både for avslag og for å få løyst spørsmålet om eigen seminastasjon i området.

Det vart då gjort dette vedtaket: "Det vert sett ned ei nemnd som skal utarbeida vedtekter for eit avslag for Sør- og Vestlandsfe. Nemnda skal søkja kontakt med dei andre distrikt som arbeider med denne rasen og i tilfelle tilslutning supplerer seg med medlemmer derifrå og på breiast mogeleg grunnlag få skipa eit avslagalag for distriktet. Nemnda får og i oppdrag å arbeida med skiping av sædstasjon for distriktet". Med i denne nemnda kom Alf Bilstad, Heskestad, Guttorm Gudmestad, Nærbø, Dagfinn Lea, Sola, og Valentin L. Rossebø, Skåre. Rossebø vart vald til for-

mann med fylkesagronomen i husdyrbruk som sekretær. Nemnda tok straks kontakt med ei nemnd som arbeidde med skiping av eit lag i Hordaland, men ein vart samde om at det førebels var best at dei to fylkeslaga vart skipa kvar for seg. Alt den 16. februar kunne ein kalla inn til konstituerande møte der nemnda la fram tilråding om skiping av avslag og oppretting av eigen oksestasjon. Innkalling til møtet var sendt til alle fealslaga og overassistentane samstundes med at det var lyst ut i dagspressa. Det vart stort frammøte frå heile fylket.

Etter foredrag av statskonsulent Hans Tilrem som då var statskonsulent for storfeavl for heile landet, vart tilrådingane frå skipingsnemnda tekne opp til drøfting. Fleire hadde ordet og resultatet vart eit samrøystes vedtak om å stifte eit eige avslag for Sør- og Vestlandsfe, mens framlegget om oksestasjon vart vedteke mot ei røyst.

Framlegget gjekk mellom anna ut på at det på møtet skulle veljast styre og eit representantskap for avslaget. Til medlemmer av representantskapet vart det valt interesserte oppalarar som representerte dei ulike distrikta i fylket. Desse vart valde:

L. H. Kvadsheim, Oгна; Alf Bilstad, Heskestad; Rolf Kjos Hansen, Eigersund; Guttorm Gudmestad, Nærbø; Olav Bjorland, Varhaug; Peder Kvia, Klepp; Alf Bryne Norheim, Time; Per Edland, Time; Berner Borsheim, Høyland; Valentin L. Rossebø, Skåre; Sigvald Waage, Avaldsnes; Osm. Apeland, Tysvær; Anbj. Marvik, Imsland; Jon Boganes, Vats; Torstein Flesjå, Finnøy.



Varamenn vart: Nils Svalestad, Helleland; Halvard Osland, Bjerkreim; Hans Haneberg, Sokndal; Peder Anda, Klepp; Arne G. Joa, Sola; Nils Nærland, Nærbø; Sverre Kolnes, Avaldsnes; Olav Straum, Skjold; Kristen Valland, Skudenes; Olav

Sørbø, Rennesøy; Albert Moe, Suldal; og Josef A. Ramsfjell, Strand.

Peder Kvia vart vald til formann i representantskapet.

Til styre valde ein Guttorm Gudmestad, Jon Boganes, Olav Bjorland, Valentin L. Rossebø, Alf Bilstad og Sigvald Waage.

I representantskapet vart Guttorm Gudmestad vald til styreformann. Nemnda som skulle førebu skipinga av avslaget hadde også til mandat å arbeida med skiping av oksestasjon. Ein vende seg til bøndene sine omsetningsorganisasjonar og ba om stønad til dette tiltaket. Ein fekk tilskott frå Rogaland Fellessalg, Rogaland Felleskjøp, Rogaland Meierilag, Bøndernes Bank A/S og Vestlandske Mjølkesentral. Med denne stønaden i ryggen kunne ein starta opp med oksestasjonen alt i april. At ein kunne koma så raskt igang skuldast ikkje minst okseverten Dagfinn Lea si interesse for saka. Etter å ha granska fleire alternativ vart det gjort avtale om plass for stasjonen hos han. Stasjonen vart kalla Sola Oksestasjon, og det vart oppnemnt eige styre for stasjonen med representantar for S og V laget og avslaget for jerseyfe. Som stasjonsveterinær vart tilsett Ola Indrehus frå starten av. Ein starta med 4 oksar av S og V fe og 2 jerseyoksar. Mellom oksane av S og V fe var Rossar 4029 som var avkomsgranska med ein indeks på 131,5, Rosadraum 4050, med indeks etter avkomsgransking på 107,4, og Hastig 5147 som seinare vart granska med indeks på 109,0. Etterkvart vart det sett inn fleire oksar. Ein satsa mykje på å få inn oksar som var avkomsgranska eller med avkomsgranska fedre, men i fyrstninga var det vanskeleg for mange å skjønna kva dette med gransking og indeksar stod for. Endåtil folk som ein skulle venta betre av såg heller etter morsytinga til



Ros (til venstre) fødd hos Jacob Mæle, Sola. 1. premie Sola 1958. 3 års middel: 5230 kg mjølk; 4,7% feitt; 247 kg mjølkefeitt. Torarin 5561 (til høgre) fødd 9. januar 1957 hos Torleif Torland, Nærbø. 1. premie Stavanger 1961. Eigar Sola Avlsstasjon, Sola. Far Brannar 4873. Mor 54 Tulla 5892. Foto: Arne Hogstad, 1961.

oksane som det sikraste prøvet på oksane sin kvalitet.

Landslaget for Sør- og Vestlandsfe.

Sjølv om ein med dette fekk løyst spørsmålet om ein organisasjon lokalt i fylket til å ta seg av leiinga av oksestasjonen, så var det ennå ikkje utbygd nokon organisasjon for rasen over heile avlsområdet. Det vart skipa fylkeslag etterkvart i dei andre fylka, men fyrst i 1960 var ein kome så langt at ein kunne skipa eige landslag. Det skjedde på eit møte i Stavanger den 24. mai. Til styre vart då formennene i fylkeslagane valde. Desse var då Erling Reite frå Møre og Romsdal, Ludvig Bjørnarheim frå Sogn og Fjordane, Berge Sæberg frå Hordaland, Guttorm Gudmestad frå Rogaland og Martin Fjeld frå Vest-Agder. Guttorm Gudmestad vart vald til den fyrste formann i laget.

Laget tilsette Johan Mellemstrand som sekretær og han tok til i stillinga frå 1. januar 1961.

Etter at Guttorm Gudmestad gjekk bort vart Berge Sæberg frå Kvinnherad formann inntil Alf Bryne Norheim tok over som den siste formannen i laget. Det vart lagt ned mykje godt arbeid i den tida laget var i verksemd. Ein ny avlsplan vart vedteken, og det vart sett igang utprøving av oksar for seminbruk på Rosendals Avlsgård i Kvinnherad i Hordaland. Seinare vart utprøvinga av ungoksane flytt til NRF sin stasjon på Særheim. Inntil 1960 hadde seminoksanane både i Molde og på Sola vore eigde av oksestasjonane, men frå 1962 vart oksane førde over til avlslaget. Dermed fekk laget ansvar for rekrutteringa av oksane til begge stasjonane, og det vart oppnemnt felles avlsutval for dei. Avkomsgranskningane syner at det etterkvart vart satt inn fleire rektig gode oksar av S og V fe på begge stasjonane.

Eksport av dyr.

Det vart også eksportert ein del dyr av S og V fe. I 1962 vart det sendt 2 oksar til Færøyane frå Rogaland. Tidligere hadde det vore eksportert 2 oksar frå Hordaland og ein frå Møre og Romsdal. Likeeins hadde det vore eksportert nokre kviger til Færøyane frå Vest-Agder.

I 1965 vart det sendt 2 kviger som gåve frå Rogaland Bondelag og Avlslaget for Sør- og Vestlandsfe til Madagaskar, til Tombontsoa Jordbruksskule som vart driven av Misjonsselskapet.

Innførsel av Friserfe.

Tidleg i 1960-åra kom det opp på fleire hald ei interesse for innkryssing av friserfe her i landet. Slik innkryssing hadde tidlegare vore framme i drøftingane mellom anna innan avlslaget for Austlands Raudkollfe utan at ein hadde kome vidare med saka. Også innan avlslaget for S og V fe vart det drøfta om ein skulle prøve med slik innkryssing, men ein fann det då ikkje rett å gå til eit slikt tiltak. På privat initiativ vart det difor våren 1963 innført 4 friseroksar til Jæren.

Det var då også kome inn 5 oksar på privat initiativ til Austlandet.

Oksane som kom hit til Rogaland vart tilbodne avlslaget for S og V fe, og dei vart sett inn på Sola oksestasjon i sesongen 1963-64.

Det synt seg då at også avlslaget for NRF hadde drøfta slik innkryssing og dei vende seg til S og V laget for å få til eit felles opplegg for utprøving av friser innan dei to populasjonane. Det vart då semje om utprøving etter ein felles plan. Dei to avslaga kom då med ei felles fråsegn i "Bondevennen" datert Sandnes 2. juni 1966. Konklusjonen på denne var slik:

"Forslag om felles retningslinjer for Avlslaget for S og V og NRF, ved utprøvinger av Friserinnslag.

Forutsetningen ved importen av en del friserokser til bruk i de to raser var at en gjennom en omfattende testing undersøkte om et innslag av friser kunne tilføre de respektive raser vesentlige fordeler. Testingen er derfor opplagt med sikte på å registrere en rekke av de økonomiske egenskaper, heri inkludert kjøttproduksjonsegenskapene.

Det har til denne tid vært avlsforeningenes forutsetning at en ville se resultatet av disse utprøvinger før en tok standpunkt til omfanget av de eventuelle framtidige innslag av friser. Det har vært forutsetningen at bare de okser som eventuelt vil kvalifisere seg som oksefedre senere skulle nyttes i avlen. En vil med andre ord nytte friser som innslag i tilfelle den holder mål istedenfor å nytte gjennomført krysning som ikke kan forenes med en planlagt seminavl. Representanter for de to avlslagene er oppmerksomme på de ulike syn og særinteresser som fra privat hold har kommet frem endog før utprøvningsresultatene foreligger. Representantene er av den mening at de to avlslagene bør gjennomføre testinger etter de opptrukne retningslinjer og videre at de to avlslagene i fellesskap legger opp en plan som de følger i den fremtidige behandling om friserspørsmålet. En vil foreslå følgende:

1. Avlslagene er enige om at frisersaken behandles på en måte så effekten av seminavl ikke reduseres.

2. Viser utprøvingen at friser i en eller flere retninger har tilstrekkelige fordeler til å gjøre påvirkningen fra denne rase til et avlstilltak, må dette skje ved innslag (bruk av selekterte oksefedre) og ikke ved gamle former som gjennomført kryssing.

3. Når utprøvningsresultatet foreligger avgjør de

to avls slag (S og V og NRF) i fellesskap hvilke tiltak som skal settes igang".

I området til S og V vart det i samsvar med dette mellom anna lagt opp til eit forsøk med oppal av slakteoksar for å granska tilveksten på avkom etter friserokksane. Plass til forsøket fekk ein hos Pernard Voll i Klepp.

Det har vore spunne fleire tankar om kva hensikten var med å innføra friserfe til Jæren. Som fylkesagronom i husdyrbruk vart eg beden om å hjelpa importørane med det førebuande arbeidet. Eg var og med ved innkjøpet av oksane saman med blant andre statskonsulent Tilrem. Etter den kontakten eg hadde med importørane, fekk eg inntrykk av at målet var å prøva eit innslag med denne rasen i S og V feet.

Det kan nå i ettertid sjå ut til at denne importen av friserokksar, som var gjort av ein del bønder på Jæren vart den første opptakten til eit nærare samarbeid mellom dei to avlslaga. Seinare fekk avlslaget skriv frå NRF med spørsmål om det var interessert i å ta del i ein ny import av friserokksar. S og V laget takka då nei men bad om å få koma attende til saka om det seinare skulle syna seg at det vart interesse for eit samarbeid på dette omkvervet. Då resultatet av utprøvinga låg føre, viste det seg at ein del av friserokksane gav eit positivt resultat. S og V laget sette derfor inn 3 halvblods friserokksar i seminteneste på Stensby oksestasjon i januar 1967. Samstundes vart det også sett inn ein del halvblods oksar av NRF i S og V laget sin regi.

Byggeplanar.

Ei anna sak som kom til å skapa ein del vanskar i samarbeidet med NRF var spørsmålet om bygging



Jærmuseet samarbeider med Norsk Landbruksmuseum om å byggja opp ein bevaringsbesetning av S og V fe på Kviagarden. Foto: Jærmuseet 1991.

av ny oksestasjon etter at kontrakta med Dagfinn Lea på Sola gjekk ut. Det var då i utgangspunktet semje mellom Avlslaget for NRF, Rogaland Jerseyfeavlslag og Avlslaget for Sør- og Vestlandsfe om bygging av ny stasjon.

Det vart kjøpt gard og utarbeidd planar for ny stasjon. Saka var kome så langt at ein hadde gjort avtale med entreprenørfirma og byggeleiar då det dukka opp noko nytt som kom til å setje ein stoppar for dette samarbeidet. Saka galdt djupfrysing av sæd som stilte saka om kunstig sædovertføring i heilt nytt lys.

Av den grunn ba representantane for NRF i byggekomiteen om utsetjing av saka til det vart nærare utgreidd om ein kunne byggja på den nye teknikken i framtida. Avlslaget for NRF hadde då oppnemnt eit utvalg som skulle sjå nærare på djupfrysing og koma med tilråding i saka etter at metoden hadde vore utprøvd i felten. Då denne låg føre hadde den 2

alternativ. Det eine gjekk ut på at det berre skulle vera to oksestasjonar i landet. Føresetnaden var at den eine av desse skulle ligga på Hedemark, den andre i Trøndelag. Subsidiært kunne utvalet gå med på at det vart bygd 3 stasjonar.

Siste møte i byggjenemnda vart halde den 6. mai 1965 der representantar for NRF melde at deira styre gjekk inn for alternativet med 2 stasjonar. Representantane for Jersey og S og V laget på den andre sida gjekk inn for at det skulle byggjast 3 stasjonar.

Då det såleis ikkje vart semje om denne saka såg byggjenemnda seg ikkje istand til å føra saka vidare og la difor ned vervet sitt.

Saka blei med dette temmeleg fastlåst, men det var likevel røyster på begge sider som peika på at ein burde søkja å finna eit grunnlag å arbeida vidare på. Husdyragronomen hadde tidlegare fått ei oppmoding om å kalla inn dei interesserte avslaga til nytt møte så snart innstillinga om bruken av djupfrysing låg føre. Møtet vart halde i august og siktemålet var å drøfta om det let seg gjera å finna andre alternativ for eit samarbeid som ikkje bygde på reising av oksestasjon. Ein hadde då vore nøydd til å annullera kontraktane om å kjøpa gard til oksestasjon og dei avtalar som var inngått med byggefirma med vidare. Husdyragronomen fekk då i oppdrag å røkja etter hos landbruksdepartementet om det kunne la seg gjera å få tomt på Statens Forsøksgard på Særheim til ein større stasjon for avkomsgransking av seminoksane sine anlegg for kjøtproduksjon. Her var det i utgangspunktet også tale om at det skulle avsetjast rom for ein del oksar av S og V og Jersey for sæduttak.

Ein fekk positivt svar frå landbruksdirektøren på dette, og det vart sett ned ei nemnd som skulle arbei-

de vidare med saka. Formann i nemnda vart Petter Lindstad frå Norderhov. Etter ei rekkje møter kom ein til semje om at det ikkje skulle byggjast nokon oksestasjon verken i Rogaland eller Møre og Romsdal, men at det skulle satsast for fullt på djupfrysing av sæd. Avlslaget for S og V og Jæren Jerseyfealslag skulle få plass til sine oksar på ein av stasjonane til NRF. I staden for oksestasjon i Rogaland skulle det byggjast ein stasjon for avkomsgransking av seminoksar for eigenskapar for kjøtproduksjon. Denne var i utgangspunktet tenkt å ha ein kapasitet på 400 bås plassar.

Etterkvart synte det seg likevel at det heller ikkje vart noko ut av dette. Sluttresultatet vart at det vart bygd stasjon for testing av ungoksar på Særheim.

Tidlegare var det bygt stasjon for avkastningskontroll for svin i regi av Norsk Svineavlslag der på garden. Med dette fekk ein samla to viktige institusjonar innan husdyravlen på forsøks garden i tillegg til forskninga innan planteavl som då var garden si hovudoppgåve.

Samanslåing med Avlslaget for NRF.

Etterkvart som det vart teke i bruk krysningsoksar både av friser og NRF i seminavlen innan S og V feet, kom det også i stand eit teknisk samarbeid mellom dei to laga. Samstundes gjekk bruken av laget sine oksar nedover og samarbeidet mellom dei to laga på det tekniske planet auka. Etterkvart vart det meir og meir stemning for å slå dei to laga saman både administrativt og avlsmessig. Ei slik løysing vart mellom anna tilrådd av personar som hadde vore mellom føregangsmennene for S og V. Argumentet var at ein då betre skulle kunna bidra med visse verdfulle eigenskapar frå S og V feet i ein felles avlspopulasjon.

Saka vart førebudd av eit utval der professor Skjervold var oppmann. Framlegget om samanslåing av laga vart lagt fram på årsmøtet i S og V laget den 5. juni 1968. Der vart framlegget om samanslutning vedteke med det naudsynte 2/3 fleirtal. Det nye laget heldt deretter sitt konstituerande møte den 29. juni 1968.

Forhandlingane mellom dei to laga hadde ofte vore vanskelege, og representantane for S og V feet fekk ofte inntrykk av at det var lita forståing å få for dei omsyn som måtte tas for å ivareta interessene til oppdrettarane på Vestlandet og for det arbeidet som var lagt ned innan denne rasen. Sjølv om det etterkvart vart fleire og fleire som gjekk over til innkjøp eller kryssing med NRF fe, var det likevel mange som meinte at det rettaste ville vera å halda fram med det arbeidet ein hadde fått igang med S og V feet.

Dei som i første rekke kom til å stå i bresjen for desse forhandlingane både når det galdt oksestasjonen og samanslåinga med NRF, vart Alf Bryne Norheim som då var formann i Avlslaget for Sør- og Vestlandsfe, varaformannen Erling Reite frå Møre og Romsdal og sekretæren Johan Mellemstrand.

Ennå kan ein finna ein og annan buskap som har halde fram med S og V fe. Mellom anna finst det nå nokre kyr på Øksnevad Vidaregåande Skule i Klepp, og Jærmuseet har ein buskap av S og V fe på museumsgarden Kvia.

Tankar i ettertid.

Nå i ettertid kan ein spekulera på kvifor det gjekk som det gjorde med S og V feet. Eit stort arbeid var lagt ned frå slutten av førre hundreåret for å konsoli-

dera dei ulike typane i det avlsområdet som S og V feet dekkja, og fleire av dei som gjekk i bresjen for det arbeidet som vart utført, burde vore nemnt. I ettertid kan ein også trekka på akslene av dei som hevda "stedegenhetsteorien" som seinare viste seg ikkje å halda mål. Det er likevel liten grunn til å sjå ned på det som vart gjort dengong. Ein må hugsa på at dei var barn av si tid og stod for det som var god lære på den tida. Seinare vart andre teoriar lagde fram med basis i forsøk som er utført under heilt andre og betre vilkår enn ein hadde dengong. At det er slik og alltid vil verta slik er det som kallast utvikling, og det er ein lov som vi alle må bøye oss for. Vi har hatt vår tid der kvantitative eigenskapar vart granska med stadig meir raffinerte matematiske modellar, og mykje godt arbeid er utført i denne bolken.

Vi står nå ved inngangen til ein ny epoke der bioteknologien truleg kjem til å gjera det mogeleg å kartleggja arvematerialet meir i detalj enn det ein har makta hittil. Det kan då verta tale å leite etter einskilde arveanlegg hos dyr på same måte som planteavlarane har leita etter planter med nye eigenskapar som kan nyttast som kulturplanter.

Når det nå også er vakna interesse for å ta vare på dei gamle rasane av husdyr og den arvemassen dei representerer, så må vi helsa det med glede. Det er ingen gitt idag å vita kva slag arveanlegg der ligg, og om det kan finnast anlegg som kan verta nyttige for husdyravlen i framtida. Det er då også prisverdig det tiltaket som Jærmuseet har sett igang med ein buskap av S og V fe, og ein får vona at det vil kunna bidra positivt til tiltaket med bevaring av genressursar.

Kjelder:

Amdam, Rolv. Møre og Romsdal Landbruksselskap 15 år. Molde 1981.

Avlslaget for Sør- og Vestlandsfe i Rogaland. Protokoll over møter.

Protokoll for Avlsutvalget.

Bondevennen. Diverse årganger 1898 - 1966.

Bækkedal, Helge. NRF og Norsk Feavl. Landbruksforlaget 1980.

De Fine, Christian Bendix. Stavanger Amptes udførlige Beskrivelse 1745. Rogaland Historie- og Ættesogelag, Jubileumsutgave, Stavanger 1985.

Hasund, S. Det kongelige Selskap for Norges Vel II, 1809 - 1909. Gjøvik 1941.

Hasund, S. Vårt Landbruks Historie. Oslo 1932. H. Aschehoug & Co, Oslo 1932.

Hognestad, Eivind. Rogaland Landbruksselskap (Stavanger Amts Landhusholdningsselskap) gjennom, 150 år. Stavanger 1926.

Holmesland, Stian. Landhusholdningsselskap og Landbruksselskap i Vest-Agder 1830-1980. Kristiansand 1980.

Landbruksdepartementet. Beretning om offentlige Foranstaltninger, Oslo 1949-53.

NØK, NJF. Statskonsulent Christian Wridt, Et Minneskrift, Skien 1954.

Sola Oksestasjon. Protokoll for byggenemnda.

Solli, Gunnar. Møre og Romsdal Landbruksselskap 1831-1931. Molde 1931.

Stambøker for Sør- og Vestlandsfe, band 1-21. 1923-69. Stavanger Amtstings Forhandlinger, 1859-61.

Sør og Vestlandsfeet. Tidsskrift for Avlslaget for Sør- og Vestlandsfe. Stavanger 1956-59, 1962-66.